

Høyringsfråsegn om framlegg til rettskrivingsendringar i 2024

koss

Her er mangt godt i forslaga til nye normeringar. Eg trur mange av dei vil gjere det enklare for folk å skrive norsk. I argumentasjonane frå Språkrådet synest eg grunngevinga for å ta inn *koss* i nynorsk er eksemplarisk. (Men eitt manglar her: ei prosentopplysning for bruken i skrift i staden for «en del brukt».) Måten det er argumentert på med å gå inn på bruks-, talemåls- og tradisjonsprinsippet, burde vore systematisk gjennomført i alle punkta i høyringsnotatet, for då kunne framlegga fått ein betre indre konsistens. Særleg gjeld det talemålsprinsippet, som knapt er framme i hine forslaga.

Norvagisering og rettskrivingsprinsipp

Framlegga til nye norvagiseringar er sjølvsagde både ‘språkteknisk’ og ikkje minst språkpolitisk ut frå det enkle og overordna omsynet formulert i retningslinjene frå 2021: «Dersom ein bruker importord som enno ikkje har fått normert skrivemåte, skal det godtakast å skriva dei i tråd med norske rettskrivingsprinsipp.»

Men framlegget om å stryke forma *resurs* er uheldig, for her normerer ein seg vekk frå norske rettskrivingsprinsipp, altså forholdet mellom skrift og tale. Framlegget bryt dessutan med talemålsprinsippet (jf. «Når ein strammar inn norma på punkt der det er talemålsvariasjon, bør forma som har breiast talemålsgrunnlag, bli ståande» og omsynet til «utbreiing i kjerneområda for nynorsk»). Som det er sagt i notatet, skal ein etter 25 år «vurdere» parallellformene på ny, dvs. at ein treng ikkje gjere forandringar; og her har ein eit svært godt prinsipp for nettopp å ikkje gjere det. I alle fall i nynorsknorma, der talemålsprinsippet gjeld. Så får det heller stå til om ein gjer noko anna i bokmålet – viss ein vil halde strengt på eit sjølvstendeprinsipp. Ein bør ha i tankane at talemålsprinsippet er og har vore sjølvve livsnerven i nynorsken, til forskjell frå bokmålet, slik vi òg ser det i prinsippoppstillingane.

Å la berre bruken i skriftmålet vere grunnlaget for å avgjere ei normeringssak, er eigentleg å lage ei sirkelnormering og å bøye kne for eit kulturhegemoni. Ein faginstans bør ha eit fagkritisk perspektiv på studieobjektet sitt, og her gjeld det spørsmålet om korleis normdannelsingsprosessen for skriftmålet skjer og fungerer i samfunnet. Ei mektig kraft i denne prosessen er den språkpolitiske rettepraksisen i redaksjonane og forlaga, som igjen skaper sjølvjustis hos dei skrivande i og utafør redaksjonen. Å tolke bruksprosentane i skriftmålskorpus som ei ‘folkeavstemming’, slik det isolerte bruksprinsippet gjer, er å stikke hovudet i sanden og representerer ikkje ei fagleg tilnærming. Dessutan må ein òg i fagkritisk samanheng våge å sjå på korleis sosiolingvistiske verdiar blir formidla via språknormene, dvs. korleis dei sosiale motsetningane i samfunnet blir planta inn i normdannelsingsprosessen ved at bokstavering blir tillagt sosiokulturell verdi. Slike faglege forståingar må takast med når ein skal bruke og tolke dei oppsette normeringsprinsippa. I denne normeringa kan talemålsprinsippet fungere som oppretting av den skadeverknaden som ei blindheit i bruksprinsippet kan valde.

Opninga for ei bøying som *jus – jussen* er svært uheldig. Å markere ulik vokalkvantitet i stammen av dei to formene strir mot både skriftmåls- og talemålssystem i norsk. Denne prinsipielle formuleringa i «Retningslinjer ...» frå 2021 skulle òg tilseie at slike forslag ikkje skal passere: «Nye importord skal følgja vanlege norske bøyingsmønster. Skal det gjerast

unntak frå dette, må ein kunna visa til svært gode grunnar, t.d. at anna bøyning er einerådande i bruk.» (Punkt 10.4 avsnitt 4.) Prosentopplysningane under pkt. 3.4 i notatet er ikkje presise når det gjeld bøyingskombinasjonane, for dei gjeld berre den bestemte forma, og når 85 eller 90 % skal delast på dei to bøyingsmåtane *jus – jussen* og *juss – jussen*, er det tvilsamt om den første kombinasjonen er «einerådande i bruk».

Det er altså «sterke systemomsyn» imot dette forslaget. Denne sist siterte ordbruken frå Prop. 108 L (2019–2020) punkt 4.2.1 må tolkast slik at ein heller skal rydde vekk tilfelle av normeringsuhell/anomaliar, altså dei tilfella som høyringsnotatet nemner er allereie velsigna.

Grammatisk kjønn

I punktet om *låt* viser notatet til ulik bruksprosent for redigert og ikkje-redigert skriftmål. Dette er eit godt og nødvendig fagleg grep. Det er bruksprosentane i ikkje-redigert tekst som nærmar seg ‘ei demokratisk folkeavstemming’. Prosentane frå redigert tekst fortel mest om kor autoritært den etablerte redigeringsideologien fungerer.

Elles stussar eg på forslaget om å regulere kjønnnet på *ekstrakt* berre i «betydninga» ‘uttrekk; utkok’. Kan ein seie at dét er ei anna betydning enn ‘utdrag av skrift’? Ville det ikkje vore betre å seie at betydninga er ‘utdrag, uttrekk’, og så er det tale om ulike bruksområde for den eine betydninga. Med å skilje i kjønn mellom desse bruksområda – slik det er foreslått – oppstår det ein forvirrande forskjell, for svært mange språkbrukarar forstår nok det einskaplege innhaldet i *ekstrakt* (og samanhengen med *ekstrahere*). Å skilje slik det er foreslått, er å forvanske norma. (Under f.eks. *krampe* kan ein lettare tale om ulike betydningar.)

Vennleg helsing

Helge Sandøy

Bergen 15.4.2024